

Fitjar fjellsameige

Årsmøte

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Fitjar fjellsameige
Torsdag 21. mars 2024 kl. 19.30
i Fitjar Kulturhus.

Registrering frå klokka 19

Sakeliste

- Sak 1: Godkjenning av innkalling, dagsorden og fullmakter
- Sak 2: Val av møteleiar og referent
- Sak 3: Val av to personar til å skrive under protokollen
- Sak 4: Styret si årsmelding for 2023
- Sak 5: Årsrekneskap for 2023 med revisjonsmelding og disponering av overskot
- Sak 6: Budsjett for 2024
- Sak 7: Avtale med Idrettslaget om bygging av sykkelløypa ved Olstjødno
- Sak 8: Toalett og Bubilparkering ved Olstjødno
- Sak 9: Investere kapital i Fonds.
- Sak 10: Bruk av ekstern Revisor
- Sak 11: Styret sin arbeidsplan for 2024
- Sak 12: Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre tillitsvalde.
- Sak 13: Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene.

Eigarane blir inviterte til komebuffet på Hotellet.
Kan møta opp og eta frå kl. 13-19.

Etter maten går ein bort i kultursalen og tar årsmøtet. (Eventuelt går heim og tar seg ei middagskvil før årsmøtet)

Skjema for endringar av personlege opplysningar/eigarskifte er å finna på heimesida vår:
www.fitjarfjellsameige.no . Same stad finn de og gjeldande vedtekter og fullmakt-skjema. Me ber om at dei som har fått ny adresse i løpet av året melder frå om det.

Styret sender innkalling i posten til dei som kun har bede om dette alternativet. Alle andre får innkallinga på e-post. Sameigarar kan melda i frå på SMS eller e-post dersom dei ynskjer å få utlevert papirversjon av innkallinga når dei kjem på årsmøte.

Vel møtt!

Fitjar, 7. mars 2024
For styret i Fitjar fjellsameige

Lars Ove Rimmereid, leiar
Tlf. 911 54 691
E-post: lars.rimmereid@haugnett.no

Sak 1: Godkjenning av innkalling, dagsorden og fullmakter

Sak 2: Val av møteleiar og referent

Sak 3: Val av to personar til å skrive under protokollen

Sak 4: Styret si årsmelding

Styret sitt arbeid i meldingsåret

Det har blitt halde seks styremøter sidan sist årsmøte. I tillegg har noko styrearbeid vore ordna via e-post og telefon. Dei største oppgåvene til styret har vore Årsmøte, utbetalingar, jaktorganisering og økonomi.

Det er utfordrande og ekstra arbeid med dei bruka som framleis er i uskifta eige. Me vil oppmoda dei bruka det gjeld til å koma med ein kontaktperson. Slik at me har maks 2 personar (2 e-postadresser) pr bruk. I 2023 så praktiserte me kun ein utbetaling pr bruk. Fekk kun ein klage på det.

Bilete

Styret veit at det blir teke mykje fine bileter frå fjellet. Det er ynskjeleg at styret mottok bileter slik at me kan bruka dei på heimesida vår, Facebook, årsmelding og eventuelt i andre samanhengar. Styret vil premiera gode bilete, med gåvekort kjøpt på Fitjar.

Økonomi

Økonomien i laget er framleis god. Året 2023 vart gjort opp med eit årsresultat på kr. 1.791.929,- (i fjor 4.956.116,-). I månadsskiftet juni-juli vart kr 3.409.910,- (kr. 1.397.812,-) utbetalt til sameigarane. Dette var den delen av overskotet frå 2022 som etter vedtektene og årsmøtevedtak skulle betalast ut til eigarane.

Eit årsmøtevedtak frå 2022 og 2023 gav styret fullmakt til å investere opptil 1 million kroner i fonds med moderat til høg risiko. I mai 2022 investerte Fitjar Fjellsameige kr. 500.000,- i Alfred Berg Gambak, og kr. 500.000 i Danske Invest Index Global AC Resticted. I Mai 223 vart det investert 1 mill i Alfred Berg Gambak Fond. Fonda har hatt god vekst , og verdien står no pr 7.mars i 2,415 mill.

Eit årsmøtevedtak frå 2022 og 2023 , gav styret fullmakt til å inngå avtale med ein ekstern revisor. Styret har gjort avtale med KPMG som revisor for laget. Styret har og brukt eigne revisorar . Dei gjer og ein god jobb både som revisorar og rådgjevarar for styret.

Det er Tveit SR-bank som er Regnskapsfører for laget.

Det vert vist til rekneskapa for meir informasjon om økonomien i sameiga.

Dyrkingsprosjektet

I 2017-2018 vart det dyrka 2 områder på til saman 49 da. Dette har eit fordyrkingslag (Aktive Bønder frå Fitjar), hausta grasavlingar frå i 5 år no (halvvegs i ein 10 års avtale). I 2023 vart det hausta 110 ballar på 1. slåtten, og 56 ballar på 2. slåtten. I 2023 vart det utført rydding og planering i randsona ut mot gjerdet, der naturen var i ferd med å henta det igjen.

I 2023 vart det dyrka og sådd i 110 daa. Dette vart også gjerda inn med hjortegjerde. Ein fekk ei sein avling og hausta 63 ballar. Noko av arealet vart flaumskada og må såast på nytt i år.

Slått	Antall ballar i 2023	Antall ballar i 2022	Antall ballar i 2021	Antall ballar 2020	Antall ballar 2019
1.	110 (+63)	102	121	68	101
2.	56	56	96	77	75

Beiting

I løpet av beitesesongen var det med stort og smått vel 726 sauer og lam som hadde sommarbeite sitt i fjellet. Det var også storfe på fjellbeite, 5 kviger med Nofence.

Fitjar Beitelag gjer eit godt arbeid når det gjeld å leggje til rette, organisera og samordna beiteinteressene.

Beitelaget og Fjellsameiga i samarbeid håpar å få til meir beiting av storfe ved bruk av Nofence.

Laget vil presisera at beiteperioden i fjellet er fram til 1.oktober. Dyr må sankast og takast bort frå fjellet innan den dato.

Då er det opna for jakt med hund. og vintervêret kan koma brott og uventa.

Jakt

Jakta vart annonsert i bladet Sunnhordland.

Storvilt: Fjellsameiga fekk fellingsløyve på 27 dyr. Desse vart fordelt på fem jaktlag, same som i fjor.

30 dyr vart skotne, herav nokre skrapdyr og eit skada dyr. Dyra vart felte over store deler av fjellet.

Det vart meldt om bra med hjort i fjellet også i år. Aukande hjortebestand i fjellet har nok samanheng med at beitekvaliteten har bedra seg monaleg.

Småvilt:

Det vart opna for harejakt ut februar, slik det har vore dei siste åra.

Grunneigarane treng ikkje betala for å jakta småvilt i fjellet. Styret vil likevel be om at det vert skrive ut jaktkort, slik at dei grunneigarane som jaktar vert registrerte og at dei rapporterer inn resultatet når jakta er over. Styret skal prøva å få nokon til å sjå på småviltforvaltninga i fjellet.

Resultat av småviltjakta	<u>2023</u> *	<u>2022</u>	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Selde jaktkort	50	58	62	63	50	47	52
Innleverte rapportar	8	24	56	63	50	47	32
Hare	3	6	7	23	10	13	8
Orrhane	2	5	23	30	12	19	3
Rugde og anna	0	9	6	17	10	7	9
Jaktdagar	32	96	242	246	192	210	98

*Foreløpige tal

Fiske

Det er fritt fram for alle som ynskjer å fiska i vatna som ligg på fjellsameiga sin eigedom. Fjellsameiga har hatt båtar og garn tilgjengeleg for allmenn bruk ved Kidnavatnet, Klovskarvatnet og Botnavatnet.

Det vart ikkje arrangert Fjellfiskefestival i 2023.

Vindkraft

2023 var 3. året den reforhandla avtalen vart brukt. Straumprisane i 2023 var ein god del lågare enn i 2022, Heldigvis. Men og lite vind gav låg produksjon i 2023. Og av den grunn vert betalinga til grunneigarane ca. 37 % samanlikna med 2022. Fitjar Fjellsameige og private grunneigarar får 2,2 % av omsetjing frå netto kraftproduksjon i vindparken. Av dette tilfell 71,95 % Fitjar Fjellsameige. Styret har også vore i kontakt med selskap som ynskjer å byggja ut meir vindkraft. Desse er blitt avvist på ein høfleg måte.

Rimbareid Kraftverk

Etter at Kraftstasjonen vart rusta opp i 2022 har produksjonen gått veldig bra. Styret vurderte i 2023 om me skulle reforhandla avtalen med Fitjar Kraftlag, men etter råd så vil me venta til den har vore i produksjon nokre år. Slik at me har statistikk på produksjonen.

Fuglehundprøvar og redningshundar

I tråd med avtalen me har med Vestlandets Fuglehundklubb, vart det halde fuglehundprøvar på Fitjarfjellet hausten 2023. Prøven skal no tidlegast haldast første helga i oktober, slik at den ikkje kjem i konflikt med beite- og jaktinteressene. Hjortejegerane og dei som arrangerer fuglehundprøvane greier å tilpassa seg til kvarandre. Fuglehundklubben er ein organisasjon det er lett å samarbeida med.

Frisbee banen

Denne vart bygd av frivillige våren 2023 og vart offisielt opna av ordføraren under Midtfjelldagen. Laget har støtta dette prosjektet med 20.000 kr i 2023, i tillegg er Fitjar Fjellsameige sponsor for ein kurv (5.000 kr). Banen vart mykje brukt i sommarhalvåret og haustar og god omtale av brukarane. Det vil bli arbeida med å få betre stiar i banen.

Tiltaksplanen for fjellet

Tiltaksgruppa har hatt eit møte der det vart diskutert parkeringsplass – utviding – merking

- Toalettfasilitetar, legg inn pengar på budsjett 2024, ref. eiga sak på årsmøtet.
- Frisbeegolfbane, ferdigstillt, men ein ynskjer å laga til betre stiar i banen.
- Bubilparkering, vil starta med planlegging i 2024, ref. eiga sak på årsmøtet.
- Sykkelløypa (Offroad) Er i planleggingsstadiet, ref. eiga sak på årsmøtet.

Grindabygget

Vart brukt som lager for gjerdemateriell i vår. Skulane har disponert huset når dei har hatt aktivitet i området. Elles lite brukt.

Solkraft

I løpet av 2023 vart det produsert 3700 kWt. I Mars var det branntilløp i ein utvendig isolasjonsbrytar.

År	2023	2022	2021	2020 (nov-des)
Produserte kWt	3700	3640*	4620	80

*Driftstans i 5 veker.

Andre hendingar

Styret har vore representert på Årsmøtet i Fitjar Næringsråd (som Fjellsameiga er medlem i).

Styret har vore representert på to informasjonsmøte hjå Fagne angående ny kraftlinja frå Midtfjellet trafostasjon til Langeland Trafostasjon, Tysnes.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet sluttar seg til styret si årsmelding for 2023

Sak 5: Årsrekneskap for 2023 med revisjonsmelding og disponering av overskot

FITJAR FJELLSAMEIGE Rekneskap for 2023

RESULTAT	2023	2022	Budsjett 2024	Budsjett 2023
Inntekt frå vindkraft	1 835 101	4 973 674	2 500 000	4 500 000
Vassrettar	53 463	49 905	55 000	80 000
Sal av jakt	117 970	121 861	120 000	120 000
Andre inntekter	13 200	12 400	20 000	15 000
Sum driftsinntekter	2 019 734	5 157 840	2 695 000	4 715 000
Lønskostnad		43 425		50 000
Styregodtgjersle	84 000	32 000	85 000	35 000
Arbeidsgivaravgift	11 844	10 635	13 000	13 000
Ekstern Revisor	33 375		35 000	20 000
Rekneskap	27 954	24 209	30 000	30 000
Rådgjeving	5 000	5 000	30 000	30 000
Kontorutgifter	38 238	49 988	50 000	60 000
Annonser	3 743	3 440	10 000	10 000
Møter, kurs og lignande	37 031	17 748	40 000	40 000
Gåver				
Andre kostnader	39 667	27 573	50 000	50 000
Tiltak i fjellet				
Sum driftskostnader	280 852	214 018	343 000	338 000
Driftsresultat	1 738 882	4 943 822	2 352 000	4 377 000
Renteinntekter/kun deutbytte SPV	53 047	12 294	50 000	25 000
Resultat	1 791 929	4 956 116	2 402 000	4 402 000

I årsrekneskapen legg styret opp til at overskotet vert disponert i tråd med § 11 i vedtektene.

Summane kjem fram på denne måten:

- Skatt av overskotet (- netto dyrkingskostnad.) $1.791.929 \times 22\% = 394.224$ **394 224**
- Avsetjing til driftsfond i tråd med vedtektene: 10.000 **10 000**
- Avsetjing til tiltaksfondet $(1.791.929 - 394.224) = 1.397.705 \times 40\% = 559.082$ **559 082**
- Utbetaling til eigarane, 392.224(skatt) og 828.623 (restoverskot) = 1.222.847 **1 222 847**

(Summen som vert utbetalt til grunneigarane utgjer skatt og restoverskotet etter avsetjing til driftsfond og tiltaksfond)

FITJAR FJELLSAMEIGE

Rekneskap for 2023

Dekka av tiltaksfondet	2023	2022	Budsjett 2024	Budsjett 2023
Kostnader med dyrking	104804			100 000
Grindabygg			10 000	
Gåve til saueavlslaget	1500		2 000	
Tilskot til idrettslaget, Stolpejakt		10 000	10 000	
Foto Konkurransen			10 000	
Fiskefestival			10 000	10 000
Skur for utstyr til båtutleige		14 222	60 000	60 000
Prosjekt Storfebeiting	11010		30 000	30 000
Utviding av P-plass Olstjødno		230 653		
Septiktank ved Olstjødno	30000			30 000
Gjetarhytta			100 000	
Frisbee Golf Bane	26250		25 000	50 000
Tilskot til nye klopper og bru	35000		35 000	35 000
Sykkelløype	80000		100 000	50 000
Bubilparkering			300 000	
Toalettfasilitetar			700 000	
Tilkomst til fiskeplass Kidnavatnet			60 000	
Sum	288564	254 875	1 357 000	365 000

BALANSE	31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021
Grindabygg	448 828	448 828	448 828
Elektronisk skyteskive	1	1	1
Aksjar i kulturhuset	1	1	1
Kundekrav		-	2 000
Til gode mva.	24 648	-	105 370
Påløpt inntekt	1 835 101	4 973 674	2 142 320
Kontantar			-
Fond SPV	2 000 000	1 000 000	
Sparebanken Vest	1 039 896	862 148	1 284 960
Sum eiga	5 348 475	7 284 651	3 983 479
Leverandørgjeld	-24 200	5 800	8 105
Forskotstrekk	20 390	18 887	20 934
Skuldig arbeidsgivaravgift	11 926	10 716	10 775
Skuldig Mva	-	2 447	
Påløpt kostnad			383
Avsett, utbetaling til medl.	1 222 847	3 409 808	1 397 812
Driftsfond *(1)	330 000	320 000	320 000
Tiltaksfond *(2)	3 338 685	3 068 166	1 776 643
Aktiverte Egedelar	448 827	448 827	448 827
Sum skuld og eigenkap.	5 348 475	7 284 651	3 983 479

*(1) Max størrelsen på Driftsfondet er etter vedtektene 250.000 i 2011 KPI justert til 2023 350.000

*(2) max størrelsen på Tiltaksfondet er etter vedtektene 5 mill i 2011. KPI justert til 2023 7,1 mill

Revisjonsmeldinga vert lagt fram på årsmøte.

Framlegg til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023 slik det ligg føre, med eit overskot på kr. 1.791 929,-
2. Årsmøtet går inn for at overskotet vert disponert slik at kr. 10.000,- overført til driftsfondet, kr. 559.082,- vert overført til tiltaksfondet, og at resten, kr. 1 222.847,-, vert utbetalt til sameigarane.
3. Årsmøte sluttar seg til at det kan trekkjast kr. 288.564,- frå tiltaksfondet for å finansiera dei tiltaka som er lista opp i rekneskapen.

Sak 6: Budsjett for 2024

I budsjettet for 2024 legg styret opp til at drifta i sameiga vert på om lag same nivå som den har vore dei siste åra. Det er lagt inn 1.357.000 kr i uttak frå tiltaksfondet til prosjekt i fjellet. Budsjettet er å finna i tabellen under sak 5 (rekneskapen).

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett for 2024.

Sak 7: Avtale med Idrettslaget om bygging av sykkelløypa ved Olstjødno.

Idrettslaget ved sykkelgruppa ynskjer å byggja ei sykkel løype ovanfor Olstjødno. Dei vil søkja om tippemidlar til tiltaket . Og av den grunn er dei avhengig av ein 30 års kontrakt med grunneigar. Styret har vurdert vedtekter og lova om at pga. avtalens varigheit så må dette tas opp på årsmøtet i laget. Laget har støtta prosjektet med 80.000 kr . i 2023

Forslag til avtalen er sendt ut til medlemmane.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet gir styret fullmakt til å signera avtale som gir Fitjar Idrettslaget rett til å byggja og drifta ei sykkelløpa i fjellet i minst 30 år.

Sak 8: Toalett og Bubilparkering ved Olstjødno

Styret har sett behovet for bubilparkering og toalett ved Olstjødno. Sjølv om dette er to forskjellige prosjekt så vil det vera naturleg at ein planlegg og byggjer dette ut samtidig. Det vil kanskje vera aktuelt å setja saman ei nemnd for dette arbeidet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner at det blir sett av 1 mill. kroner i Budsjettet for 2024, til oppstartsarbeid med planlegging av toalett og bubilparkering ved Olstjødno.

Sak 9: Investere kapital i Fonds.

Eit årsmøtevedtak frå 2022 og 2023 gav styret fullmakt til å investere opptil 1 million kroner i fonds med moderat til høg risiko. I mai 2022 investerte Fitjar Fjellsameige kr. 500.000,- i Alfred Berg Gambak. og kr. 500.000,- i Danske Invest Index Global AC Resticted. I mai 2023 Investerte laget 1 mill. kr i Alfred Berg Gambak. Laget har til no investert 2 mill. kroner i fonds, fordelt på 1,5 mill. i Alfred Berg Gambak og 500.000 i Danske Invest Index Global AC Resticted. Fonda har hatt god vekst , og verdien står no pr 7.mars 2024 i 2,415 mill. Styret ynskjer å investere nye opptil 500.000 kroner av kapitalen i fonds.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet rår styret til å investere nye opptil 500.000 kroner i fonds med moderat til høy risiko, i 2024.

Sak 10: Bruk av ekstern Revisor

Styret har teikna avtale (1 år) med KPMG. Har no brukt KPMG som ekstern revisor i 2 år. Laget har ikkje fått nokre anmerkingar , men det gjer oss ein trygghet på at alt går rett/ lovleg for seg. Det er tross alt store verdiar me forvaltar for ein stor medlemsmasse. Kostnaden i fjor var kr 33.375.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet gir styret fullmakt til å teikna avtale med ein autorisert revisor.

Sak 11: Styret sin arbeidsplan for 2024

Kva	Korleis	Tid
Årsmøtevedtak og budsjett	Fylgja opp dei vedtak som vert gjort av årsmøtet og styra laget i tråd med godkjent budsjett og vedtektene til sameiga.	Heile året
Beiting	Leggja til rette for god beiting i fjellet. Sjå til at det er ei tenleg ansvars- og rolledeling mellom fjellsameiga og Fitjar beitelag. I samarbeid med beitelaget, sjå om det kan vera tenleg å setja opp meir gjerde i fjellet. Prøveordning med Nofence for storfe. Laget vil skjerpa inn frist for haustsankinga. Seinast 1. oktober.	I løpet av året
Fiske	Leggja til rette for Fitjar Fjellfiskefestival. Sjå på evt. Kultiveringsprosjekt for å få betre tilstand på fiskebestanden. Til dette arbeidet er me avhengig av personar som er interessert i å utfera eit slikt arbeid. Få på plass informasjonsskilt om båtar og fiske. Setja opp eit garnheng/ skur til garn og redningsvestar ved dei vatna det ligg båtar.	Vår og sommar og haust
Vindparken	Fylgja opp det som skjer i samband med vindparken. Fylgja med på kva som vert gjort og sjå til at laget sine interesser vert tekne vare på, og at alt skjer i samsvar med avtalen.	Heile året!
Rimbareid Kraftverk	Fjellsameiga vil vurdere om ein skal reforhandla avtalen (frå 1997) med Fitjar Kraftlag ang drift av Rimbareid Kraftverk (Frist 1.mai)	Vår
Tiltaksplanen	Delta aktivt i det vidare arbeidet med tiltaka i Tiltaksplanen for fjellet (ligg på fitjarfjellsameige.no). Frisbee golf bane og sykkelløype. Toalettfasilitetar og Bubilparkering.	Heile året
Dyrking	Ha god dialog med dyrkingslaget for å få kunnskap og erfaring med dyrkingsarbeidet som er gjennomført og evt. sjå på framtidig dyrkingsarbeid.	Vår og sommar

Fuglehund- prøvar og redningshundar	Leiga ut områder i fjellsameiga til fuglehundprøvar og redningshundtrening i samsvar med inngåtte avtalar.	Haust, vinter og vår
Storviltjakt	Forvalta storviltet i fjellet, søkja om fellingsløyve på hjort og organisera utleige av hjortejakta på ein god måte.	Sommar og haust
Småviltjakt	Forvalta småviltet i fjellet og leggja til rette for småviltjakt. Tilby brukarvenlege digitale løysingar for sal av jaktkort og rapportering. Ha dialog med ulike fagmiljø om jakt og god viltforvaltning.	Haust og vinter
Grindabygget	Sjå til at grindabygget vert vedlikehalde og haldt ryddig innvendig og utvendig.	Heile året
Heimesida	Fortsetja arbeidet med å oppdatere og fornye nettsida vår.	Heile året
Økonomi	Forvalta kapitalen langsiktig .	Heile året
Fjellhytte	Det har komme innspel om at Fjellsameiga burde hatt ei hytte i fjellet. Årsmøtet/ Styret får lufta tanken om dette er noko som bør jobbast vidare med.	Haust
Bilete	Arbeida med å samla inn bilete frå fjellet. Konkurransse .	Heile
Medlems- register	Halda medlemsregisteret oppdatert.	Heile

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styrets arbeidsplan for 2024.

Sak 12: Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre tillitsvalde for 2024

Dagens satsar:

Leiar: Fast godtgjersle 25 000,- pr år (Vart endra i 2023)

Skrivar: Fast godtgjersle 12 500,- pr år (endra i 2023)

Møter kveldstid: kr 700,- pr møte for styre og evt. varafolk som møter (Endra i 2023)

Møter på dagtid: kr 400,- pr time for styre og evt. varafolk som møter (Vart endra i 2023)

Revisorgodtgjersle: Fast godtgjersle 1200,- pr år (Vart endra i 2023)

Reisegodtgjersle: Føl staten sine satsar for reiser innanlands og utanlands

Valnemnd/personar som arbeider for laget kr: 400,- pr. time.

Møtegodtgjersla/timesatsen skal og gjelda for andre som styret ber møta i diverse møter. Også for valnemndsarbeid.

**Framlegg til vedtak frå valnemda:
Godtgjersle til tillitsvalde fom. 21.3.2024.**

Vedr. godtgjersle til styret vart valnemda enige om å halde den uendra sidan det vart gjort ein forholdsvis bra auke i 2023.

Leiar: Fast godtgjersle kr.: 25.000,- + møtegodtgjersle på møter.

Sekretær: Fast godtgjersle kr.: 12.500,- + møtegodtgjersle på møter.

Møter på kveld: kr:700,- pr møte for styret og evt. Varafolk.(gjeld ikkje fellesmøter i laget)

Møter på dagtid:kr:400,- pr. time.

Revisor: Fastbeløp kr: 1.200,- pr. år.pr. revisor.

Valnemnd/ personar som arbeider for laget kr: 400,- pr. time.

Sak 13: Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene

Styret i 2023-2024 :

Leiar Lars Ove Rimmereid (på val i 2024)

Styremedlem Tone Koløen (på val i 2025)

Styremedlem Kristian Skumsnes (på val i 2025)

Styremedlem Terje Peder Torland (på val i 2024)

Styremedlem Karl Andre Rydland (på val i 2024)

Vararepresentantar for 2023-2024 har vore:

1. Inge Andreas Waage (på val i 2024)

2. Rakel Saghaug (på val i 2024)

3. Joakim Hellen Strand (på val i 2024)

Revisorar

Revisorar for 2023-2024 har vore:

Nils Andreas Brekke vald for 2 år i 2022(på val i 2024)

Nils Magne Skumsnes, vald for 2 år i 2021 (på val i 2025)

Vararevisorar:

Kristen Rydland vald for 2 år i 2022 (på val i 2024)

Ole Sandvik vald for 2 år i 2023 (på val i 2025)

Valnemnd

Valnemnd frå årsmøte 2024

Oddvar de Fine, 1 år, leiar

Reidar Kloster, 2 år

John Karsten Raunholm, 3 år

Framlegg frå Valnemnda

Val av leiar: Lars Ove Rimmereid. Attval eit år.

Val av styremedlemmer: Karl Andre Rydland. Attval 2 år.

: Terje Peder Torland Attval 2 år.

: Kristian Skumsnes og Tone Koløen er på val i 2025.

Vara Styret: 1. vara: Inge Andreas Waage. (1 år, attval)

2.vara: Rakel Saghaug (1 år, ny)

3.vara: Joakim Hellen Strand. (1 år , attval)

Revisorar : Nils Andreas Brekke, Attval 2 år.

Nils Magne Skumsnes, på val i 2025.

Vararevisorar: Kristen Rydland, attval for 2 år.

Ole Sandvik på val i 2025.

Valnemnd : Reidar Kloster, Leiar eit år.

John Karsten Raunholm , 2 år.

Ole Sandvik . Ny medlem, veljast for 3 år.